# Kraftfondet - søknad om tilskot (KF-212-1266)

Referansenummer: JEKIA7

Registrert dato: 29.05.2016 14:05:38

Vedlegg:

Sandneskafeen tilbod fra° tømrar.pdf

Naudsynte innkjøp til Sandneskafeen.pdf

A°rsregnskap 2015 Sandneskafeen.pdf

Budsjett Sandneskafeen .xls

Summert aksjeliste Sandneskafeen.xlsx

## Verksemda

Type verksemd

Kafedrift kombinert med husflid

Forretningsideen til føretaket/laget/foreininga

Sandneskafeen har som mål å skapa ein samlingsplass med særpreg og identitet der både bygdefolk og tilreisande kan kjøpa heimelaga mat, husflids- og handverksprodukt. Det vil også vera ulike kulturelle tilskipingar i lokalet.

Eigarsamansetting

| Namn på eigar | Adresse | Postnummer | Poststad | Del i % |
|---|---|---|---|---|
| Aksjeeigarbok lagt ved | Sandnes | 5981 | Masfjordnes | 100 |

## Innleiing

Er verksemda registrert i Føretaksregisteret?

(•) Ja  ( ) Nei

Opplysningar om føretak/lag/foreining

Organisasjonsnummer

912313387

Føretak/lag/foreining

Sandneskafeen AS

Adresse

C/O Sigmund Holmås, Sandnesstykket 20

Postnummer

5981

Poststad

MASFJORDNES

Telefon

Telefaks

| Opplysningar om kontaktperson | |
|---|---|
| Førenamn<br>Berit Karin | |
| Etternamn<br>Lygre | |
| Adresse<br>Sandneslia | |
| Postnummer<br>5981 | Poststad<br>MASFJORDNES |
| Mobiltelefon<br>97702476 | |
| Telefon arbeid | |
| Telefon privar<br>97702476 | |
| E-post<br>berit.k.lygre@gmail.com | |
| Bankkontonummer<br>36325857018 | |
| Er det tidlegare søkt andre offentlege instansar om tilskott til prosjektet?<br>○ Ja ⊙ Nei | |

## Finansiering

| Namn på og finansiering av prosjektet |
|---|
| Søknadsprosjekt<br>Søknad om støtte til utbetring av lokale og innkjøp av møblar og utstyr |
| Totale kostnader for prosjektet<br>201000 |
| **Finansieringsplan** |
| Eigenkapital<br>131000 |
| Eige arbeid<br>10000 |
| Lån i bank<br>0 |
| Tilskott frå næringsfond<br>60000 |
| Har prosjektet fått tilskott frå andre?<br>○ Ja ⊙ Nei |
| Andre finansieringskjelder<br>Ingen |
| Sum finansieringsplan<br>201000 |

## Andre opplysningar

Før opp eventuelt andre opplysningar som kan ha noko å seie for søknaden

Sandneskafeen er i dag drive på frivillig basis og drifta har vore avgrensa til enkle arrangement. Tidlegare har det i hovudsak vore halde pub i lokalet, men framover vil det verta meir fokus på kafédrift. Lokalet skal delast opp for å kunna nytta det på ein annan måte enn slik det er i dag, med arbeidsrom i eine delen av lokalet. Det skal også vera utsalsstad for gåveartiklar som matvarer og lokale kunst- og handverksprodukt. Det skal investerast i diverse utstyr som er naudsynt for drifta, mellom anna hyller og anna oppbevaring, kjøkkenutstyr, potetskrellemaskin, symaskin og gardiner. På sikt kan det også vera aktuelt med kursverksemd.

## Økonomi

Rekneskap, årsmelding og revisjonsmelding for siste tre åra lastes opp som vedlegg på siste side i skjemaet.

Eigne kommentarar til oppnådde resultat, økonomisk stilling og likviditet

Sandneskafeen AS vart stifta i 2013. Rekneskap frå 2014 og 2015 er lagt ved.

## Sal og marknaden til verksemda

Verksemda sine viktigaste kundegrupper

Lokalbefolkinga og sommargjestar, Masfjorden kommune og tilreisande er alle viktige kundegrupper for drifta av Sandneskafeen. Konseptet vil vera interessant for alle aldersgrupper, men med ei hovudvekt på aldersgruppa 40-60 år.

Marknadsføringstiltak

Bruk av heimeside, Facebook, pressemelding til lokalavisene. Oppslag på lokale butikkar og andre offentlege stader ved arrangement.

Viktigaste konkurrentar

Det fins ikkje tilsvarande tilbod på sørsida i Masfjorden. Næraste utsalsstad av mat er Vidsyn, medan gåveratiklar kan kjøpast på Hosteland og Vidsyn. Det fins ikkje utsalsstadar av handverksprodukt i kommunen.